



Referat frå Kviteseid sokneråd

Tid: Måndag 2. mars 2026 kl. 17.00 – 20.00

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

Desse møtte: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund, Anne Oddny Foldøy (med på sak 13-15), Sigrun Lønning Solvang (sokneprest), Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant, med på sak 10-13), Jon Svartdal (kyrkjeverje), og 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid.

Opningsord v/ Sigrun Lønning Solvang

Servering Kaker v/Astrid Elisabeth Breivik

Oversikt over saker:

Sr-sak 10.26 Innkalling og sakliste

Sr-sak 11.26 Godkjenning av referat frå møtet 26.01.2026

Sr-sak 12.26 Referatsaker om økonomi, visitas, fasteaksjonen og anna

Sr-sak 13.26 Utsending til årsmøte for Kirkens SOS Telemark

Sr-sak 14.26 Søknad om gåve frå Kviteseid MSK speidargruppe

Sr-sak 15.26 Eventuell tilsetting av kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog

Innkalling sendt 24.02.2026

Marit Sørby

Soknerådsleiar

Sr-sak 10.26 Innkalling og sakliste

Innkalling med sakliste blei sendt ut på e-post 24.02.2026.

VEDTAK:

Innkallinga og saklista er godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 11.26 Godkjenning av referat frå møtet 26.01.2026

Referatet er tidlegare sendt ut, det har ikkje kome tilbakemeldingar.

VEDTAK:

Referat frå møtet 26.01.2026 er godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 12.26 Orienteringssaker om økonomi, visitas, fasteaksjonen og anna

VEDTAK:

Soknerådet vil ha utskrift av løpande rekneskap annankvar månad. Program for visitasen er under kontroll, men visitasmeldinga er forsinka og må forserast. Fasteaksjonen er planlagt, men rutinar må sjekkast. Taize-gudstenesta onsdag 11. mars er avlyst grunna kapasitetsproblem. 19. mars kl. 19.00 blir det salmekveld i Kviteseid kyrkje i samband med fasteaksjonen, diakon Eilev Erikstein deltek. Det er felles diakonigudsteneste i Kviteseid sundag 12. april. Seljord sokn har spurt styreleiar om samarbeid om kyrkjeverjestillinga. Kviteseid sokn vil ha sin eigen kyrkjeverje, så vi takkar nei til dette samarbeidet no. Samrøystes.

Sr-sak 13.26 Utsending til årsmøtet for Kirkens SOS Telemark

Kviteseid sokn har fått innkalling til årsmøte for Kirkens SOS Telemark i Skien måndag 23. mars kl. 18.00. Spørsmålet er om nokon frå Kviteseid sokn skal dra dit.

VEDTAK:

Styreleiar spør diakoniuutvalet om nokon av dei vil dra. Samrøystes.

Sr-sak 14.26 Søknad om gåve frå Kviteseid MSK speidargruppe

Kviteseid MSK speidargruppe søker om tilskot på kr. 10 000 til drift. Vi hadde ei ofring til dei i 2025, og dei fekk då kr. 6 055.

VEDTAK:

Kviteseid MSK speidargruppe får tilskot på kr. 10 000,- til drift. Det blir gjort ved at ein har ofring på ei gudsteneste til dette føremålet, og dersom det kjem inn mindre enn kr. 10 000,- så blir differansen lagt til slik at summen blir kr. 10 000,-. Samrøystes.

Sr-sak 15.26 Eventuell tilsetting av kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog

Kviteseid sokn lyste ut 40% stilling som kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog. Det kom ein søker som stilte som vilkår at stillinga måtte vera minst 50%. Søknad med CV ligg ved. Tilsetjingsutvalet minus soknepresten hadde intervju med søkeren 23. februar og har utforma ei innstilling som ligg som forslag til vedtak. Det ligg også ei økonomisk vurdering til grunn for forslaget til vedtak.

VEDTAK: Kviteseid sokn tilset Katarina Ramona Aasgaard i 50% stilling som kyrkjelydsarbeidar/kyrkjelydspedagog frå 01.04.2026. Ho blir lønna som adjunkt i lønsgruppe 4 med 16 års ansiennitet, noko som gjev ei årsløn pr. dags dato på kr. 615 000 i 100% stilling. Samtaler med referansar ligg til grunn. Prøvetid etter reglar er 6 månader med 14 dagar oppseiingstid. Vedteke med 8 mot 2 røyster.

Neste møte for Kviteseid sokneråd er onsdag 15. april kl. 17.00

Jon Svartdal, kyrkjeverje vikar